



[Mottakernavn]
[Adresse]
[Postnr] [Poststed]
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kaja Baukhol Olsen, 5557 2238

Høring av søknad om løyve etter forureiningslova til utslepp frå mellombels anleggsverksemd i samband med bygging av Stad skipstunnel. Høyringsfristen er 19. august 2022

Statsforvaltaren i Vestland har mottatt to søknadar frå Kystverket om løyve etter forureiningslova i samband med bygging av Stad skipstunnel: ein mudre-, dumpe- og utfyllingssøknad og ein søknad om utslepp frå mellombels anleggsverksemd. Søknadane blir send på høring i to separate høyringsbrev. Vi ber om at fråsegn til søknadane blir send oss separat og merka med det respektive saksnummeret dersom de har fråsegn til begge søknadane. Dette høyringsbrevet gjeld søknad om løyve etter forureiningslova til utslepp frå mellombels anleggsverksemd med saksnummer 2022/6077. Høyringsfristen er 19. august 2022.

Statsforvaltaren i Vestland sender søknaden om løyve etter forureiningslova til offentlege organ og styresmakter som varetar ålmenne interesser, verksemdar som kan bli påverka av vedtaket, miljøvernorganisasjonar og andre som vedtaket kan ha særlege følgjer for. Søknaden blir lagt ut på nettsida vår og skal i tillegg kunngjerast i fleire aviser.

Vedlegg til søknaden kan lastast ned frå Statsforvaltaren i Vestland si nettside under høyringar, <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/>.

På Stad skipstunnel si prosjektnettside ligg diverse utgreiingar, rapportar, bakgrunnsinformasjon og illustrasjonar, <https://www.kystverket.no/sjovegen/stad-skipstunnel/bakgrunn-utredninger-og-bilder/>.

Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova. Fråsegn knytt til arealdisponeringane kommunen har vedtatt vil difor ikkje inngå i vår vurdering av søknad om løyve etter forureiningslova. Reguleringsplanen vart vedtatt av Selje (nå Stad) kommune 9. mai 2017. Vedtatt reguleringsplan med plankart og føresegner er tilgjengeleg i Stad kommune sin plandatabase, https://webhotel3.gisline.no/Webplan_4649/gl_planarkiv.aspx?planid=1441201702.



Løyve etter forureiningslova set vilkår for gjennomføringa av tiltaket


Løyve etter forureiningslova til utslepp frå mellombels anleggsverksemd vil mellom anna regulere korleis anleggsarbeidet skal utførast, kva avbøtande tiltak som skal nyttast og korleis overvaking skal utførast slik at fare for forureining og negativ påverknad på omkringliggjande interesser blir redusert til ein akseptabel risiko.

Utslepp frå tiltaka i sjø i samband med bygginga av Stad skipstunnel vil bli regulert i eige løyve, og er ikkje ein del av denne søknaden.

Om søknaden

Kystverket søker om løyve til utslepp frå mellombels anleggsverksemd etter forureiningslova § 11 i samband med bygging av Stad skipstunnel.

For å betre tryggleiken og evna til å ta seg fram for sjøtransport forbi Stad skal Kystverket byggje ein skipstunnel gjennom Stadlandet mellom indre del av Moldefjorden og Kjødøpollen i Stad kommune. Stad skipstunnel vil bli 1,7 km lang, 50 meter høg og 36 meter brei. Tverrsnittsarealet er på 1661 m², og totalt masseuttak er på om lag 3 800 000 m³ fast fjell. Det er planlagt at arbeidet skal utførast som ein totalentreprise. Planlagt anleggsoppstart er i 2023/2024, og byggjetida er estimert til om lag 4 – 5 år med døgkontinuerleg drift.



Figur 1. Dagens hovudlei og alternativ lei ved stor sjø forbi Stadlandet, samt ny hovudlei gjennom Stad skipstunnel. Figuren er henta frå søknaden. Stad skipstunnel skal gå mellom Moldefjorden og Kjødøpollen i Stad kommune.




Om tiltaket

Omtale av planlagt tiltak er gitt i kapittel 7 i søknaden. Kapittel 6 i søknaden gjer greie for tiltaksområdet med tanke på mellom anna geologi, vassførekomstar, miljøtilstand, lagdeling, straumtilhøve, naturmangfald, fiskeri- og havbruksinteresser og marine kulturminne.

Bygging av Stad skipstunnel vil innebere omfattande anleggsarbeid inkludert graving, sprenging, massetransport, bergsikring og etablering av permanente konstruksjonar og installasjonar. Reguleringsplanen legg til grunn ein-sidig driving av tunnelen frå Moldefjordsida. Kystverket ønskjer å drive med parallell drift frå begge sider av tunnelen. Ein føresetnad for dette er avklaringar med eksterne mottaksstadar som kan ta imot overskotsmassar frå Kjøde.

Metodikk og rekkefølge på anleggsarbeidet er per dags dato ikkje kjent då det vil inngå som ein del av totalentreprisen. Søknaden tar utgangspunkt i at driveopplegget blir basert på eit forslag frå rapporten Teknisk forprosjekt (Dr. techn. Olav Olsen og Norconsult, 2017). Denne rapporten er tilgjengeleg på Stad skipstunnel si prosjektnettside. Førebels er tiltaket planlagt gjennomført ved konvensjonell sprenging med tunnelborerigg og pallerigg, sjå figur 2. Det skal sprengjast ut ei stor byggjegrop med ei skjeringshøgde som på det meste er opp mot ca. 70 – 80 meter. Det nedste nivået i tunnelen vil liggje under havnivå, og det er føreslege at sprengingsarbeidet i tunnelen skjer tørt ved at det blir ståande igjen to tersklar i tunnelopningane som blir sprengde vekk når arbeidet i tunnelen er ferdig.



Figur 2. Prinsippkisse for tunneldrivinga. Figuren er henta frå søknaden og baserer seg på forslag gitt i Teknisk forprosjekt.

I anleggsperioden skal det etablerast mellombelse riggområde i sjøområda utanfor dei to entringsområda. Her vil mellom anna vaskehallar, reinseanlegg, brakker og maskinoppstillingsplass vere lokalisert i anleggsperioden. Riggområda blir etablert som permanente fyllingar. Ved ferdigstilling av tiltaket vil massar i innseglinga til tunnelen bli fjerna og områda skal ferdigstillast i samsvar med regulerte formål.

Påverknad på naturmiljøet

Potensiell påverknad på naturmiljøet frå ulike forureiningskjelder som kan oppstå under anleggsarbeidet er beskrive i kapittel 8 i søknaden. Dette gjeld mellom anna partikkelspreiing i sjø, støv, støy, plastforureining, botnrenskmassar, undervassstøy, pH, nitrogensambindingar, metall og organiske miljøgifter slik som diesel- og oljesøl.



Førebyggjande og avbøtande tiltak

Forslag til førebyggjande og avbøtande tiltak for å verne om det ytre miljøet og redusere risiko for forureining er beskrevet i kapittel 9 i søknaden. Det kan førekomme endringar basert på til dømes oppdaterte miljørisikovurderingar og val av entreprenør og driftsmetodar.

I søknaden er det foreslege at alt tunnelvatn skal bli reinsa via reinseanlegg før utslepp til resipient. Reinseanlegga skal i hovudsak redusere mengda av suspendert stoff og eventuelle oljesambindingar i utsleppsvatnet, samt justere pH dersom det er naudsynt. Foreslegne grenseverdier for reinsa tunnelvatn gitt i søknaden står oppført i tabell 1. Det skal gjennomførast kontinuerlege målingar av turbiditet, pH og vassmengd av det reinsa tunnelvatnet før utslepp. Ved konsentrasjonar over bestemte grenseverdier for suspendert stoff og pH, skal vatnet automatisk førast tilbake til reinseanlegget for ny behandling før utslepp til resipient.

Tabell 1. Foreslegne grenseverdier for reinsa tunnelvatn. Informasjon om forslag til grenseverdier er gitt i kapittel 9.7.1 i søknaden.

| Parameter | Foreslegen grenseverdi i søknaden |
|------------------|-----------------------------------|
| Totalt N | 100 mg N/L |
| Suspendert stoff | 400 mg SS/L |
| Olje | 50 mg/L |
| pH | 7 – 10 |

Det er foreslege å nytte ei dykka utsleppsløysing, sjå kapittel 9.7.2 i søknaden. Bruk av ei slik utsleppsløysing vil føre til at det skjer ei gradvis innblanding og fortynning av utsleppsvatnet. Det er lagt til grunn ei konservativ tilnærming med ei primærfortynning på 10 ved vurdering av effekten av å implementere ei dykka utsleppsløysing for utsleppet av det reinsa tunnelvatnet, sjå tabell 2. Plassering og utforming av den dykka utsleppsløysinga er ikkje avgjort på noverande tidspunkt.

Tabell 2. Forventa effekt av å implementere ei dykka utsleppsløysing, sjå kapittel 9.7.2 i søknaden.

| Parameter | Konsentrasjon i reinsa tunnelvatn | Konsentrasjon etter primærfortynning (1:10) |
|----------------------------|-----------------------------------|---|
| Totalt N (mg N/L) | 100 | 10 |
| Suspendert stoff (mg SS/L) | 400 | 40 |
| Olje (mg/L) | 50 | 5 |
| pH | 7 – 10 | 8 |

I kapittel 9.5 i søknaden er det skildra forslag til avbøtande tiltak mot undervassstøy i samband med tunnelarbeidet. Forslaga inkluderer redusert ladningsvekt per intervall, at drivinga av dei ytste 20 – 30 meterane av tunnelen skal skje utanom gyteperioden for torsk i Kjødepollen og bruk av boblegardin.

Det er planlagt døgnkontinuerleg anleggsdrift. I søknaden er det foreslege at anleggsarbeidet skal overhalde grenseverdier for støy gitt i Klima- og miljødepartementet si retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442/2021. Sjå kapittel 9.2 i søknaden for meir informasjon om foreslegne støygrenser.



Det skal etablerast eit kontroll- og overvåkingsprogram for å avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet i Moldefjorden og Kjødepollen frå anleggsarbeidet. Kontroll- og overvåkingsprogram er omtalt i kapittel 10 i søknaden.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på?

Statsforvaltaren i Vestland har mottatt to søknadar frå Kystverket om løyve etter forureiningslova i samband med bygging av Stad skipstunnel. Vi ber om at fråsegn blir send oss separat for dei to søknadane og at de merkar med rett saksnummer dersom de har fråsegn til begge søknadane. Fråsegn kan sendast til oss på e-post sfvlpost@statsforvalteren.no eller via post til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.

Vi ber om tilbakemelding frå alle høyringspartane som har innspel til søknaden eller forslag til avbøtande tiltak innan **19. august 2022**, merk med saksnummer **2022/6077**. Vi ber òg om at enkelte høyringspartar gir tilbakemelding på spesifikke tema. Vidare ber vi kommunane om å informere oss så snart som råd dersom det er andre som tiltaket kan ha særlege følgjer for som ikkje er representert på mottakarlista for denne høyringa.

Stad kommune

Vi ber Stad kommune om å vurdere om tiltaket det er søkt om er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsvedtak for området, og om det er andre tilhøve i saka som Statsforvaltaren i Vestland bør vite noko om, til dømes om det er planlagt å gjere endringar i reguleringsplanen. Kommunen si fråsegn bør òg gi opplysningar om lokale tilhøve som kommunen meiner manglar, eller ting det ikkje er gjort godt nok greie for i søknaden. Vi ber kommunen om å hente inn nødvendige fråsegner frå eigne organ så langt ein finn dette nødvendig.

Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Mattilsynet, Sogn & Fjordane Fiskarlag og Møre og Romsdal Fiskarlag

Vi ber om at de vurderer tiltaket ut frå omsyn til fiskeri-, natur- og havbruksinteresser. Vi er spesielt interessert i innspel om mogleg påverknad på villfisk og oppdrettsfisk frå anleggsarbeidet, fiskehelse og fiskevelferd, forslag til avbøtande tiltak og forslag til grenseverdiar.

Møre og Romsdal fylkeskommune og Vestland fylkeskommune

Vi ber Møre og Romsdal fylkeskommune og Vestland fylkeskommune som vassregionstyresmakt for høvesvis Kjødepollen og Moldefjorden vurdere tiltaket ut frå omsyn til vassmiljøet.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Vi ber Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum vurdere tiltaket ut frå omsyn til marine kulturminne.

Kystverket

Kystverket er tiltakshavar, men òg styresmakt etter hamne- og farvasslova. Vi ber om ei tilbakemelding frå Kystverket om tiltaket, inkludert plassering av dykka utsleppsleidning, er avklart etter hamne- og farvasslova.

Vedlegg til søknaden kan lastast ned frå vår nettside

Vedlegg til søknaden kan lastast ned frå Statsforvaltaren i Vestland si nettside under høyringar. Andre rapportar og utgreiningar er tilgjengelege på Stad skipstunnel si prosjektnettside.



Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kaja Baukhol Olsen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad om løyve til utslepp frå mellombels anleggsverksemd

Kopi til:

Kystverket v/Terje Skjeppestad
Multiconsult v/Bård Øyvind Solberg
Multiconsult v/Johanne Arff



Mottakarliste:

| | | | |
|--|-----------------------------------|------|--------------|
| NORGES NATURVERNFORBUND | Mariboës gate 8 | 0183 | OSLO |
| OLAV VENØ | Venøy | 6717 | FLATRAKET |
| MOWI ASA | Postboks 4102 Sandviken | 5835 | BERGEN |
| STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL | Postboks 2520 | 6404 | MOLDE |
| NORGES MILJØVERNFORBUND | Postboks 593 | 5806 | BERGEN |
| HAVFORSKNINGSINSTITUTTET | Postboks 1870 Nordnes | 5817 | BERGEN |
| VESTLAND FYLKESKOMMUNE | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| SOGN & FJORDANE FISKARLAG | Postboks 173 | 6701 | MÅLØY |
| BLOM FISKEOPPDRETT AS | Ulvøyvegen 130 | 5337 | RONG |
| NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| PELAGIA SELJE | Postboks 444 | 5805 | BERGEN |
| MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE | Postboks 2500 | 6404 | MOLDE |
| KINN KOMMUNE | Postboks 294 | 6701 | MÅLØY |
| MØRE OG ROMSDAL FISKARLAG | Postboks 936 | 6001 | ÅLESUND |
| FISKERIDIREKTORATET REGION VEST | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| KYSTVERKET | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| STAD KOMMUNE | Rådhusvegen 11 | 6770 | NORDFJORDEID |
| MATTILSYNET | Felles postmottak Postboks 383 | 2381 | BRUMUNDDAL |
| SANDE KOMMUNE | Rønnebergplassen 17 | 6084 | LARSNES |
| STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM | Postboks 7800 | 5020 | BERGEN |
| STATT TORSK ASA | c/o Leif-Ronny Rætta | 6143 | FISKÅ |
| VANYLVEN KOMMUNE | RÅDHUSET | 6143 | FISKÅ |